

Konrad Hjalmar Kartveit  
Postboks 39  
5931 MANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/13439 - 21/22592

Saksbehandlar:  
Astrid Riise  
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:  
07.04.2021

## Vedtak om pålegg om opprydding og ilegging av tvangsmulkt - gbnr 499/31 og 499/34 Ystebø

**Administrativt vedtak:** Saknr: 428/21  
**Tiltak:** Opprydding og fjerning av bilar og avfall på eigen grunn  
**Byggjestad:** Gbnr: 499/31 og 499/34  
**Tiltakshavar:** Konrad Hjalmar Kartveit

### VEDTAK:

Med heimel i forureiningslova § 7 andre ledd og § 37 første ledd krev Alver kommune fjerning og opprydding av forsøpling på gbnr 499/31 og 499/34. Frist for opprydding er satt til 07.05.2021. Alver kommune skal underrettast når arbeidet er utført.

Med heimel i forureiningslova § 73 vert det fatta vedtak om ilegging av tvangsmulkt, i form av ei eingongsmulkt NOK 15 000,- og ei dagmulkt NOK 200,- dersom området ikkje vert rydda omgåande, og kommunen ikkje har motteke biletdokumentasjon på dette innan 07.05.2021. Tvangsmulkt startar å løpe 01.06.2021.

### Grunngjeving for pålegg om rydding og ilegging av tvangsmulkt]

#### Saksutgreiing

Vi viser til synfaring 09.10.2020 kl. 13:00 og førehandsvarsel om pålegg om opprydding av 30.10.2020, med frist for opprydding **28.02.2021**. I førehandsvarselet ber me om tilbakemelding om at dette er gjort. Alver kommune har ikkje motteke tilbakemelding innan fristen.

#### Grunngjeving for pålegg om rydding og ilegging av tvangsmulkt

Det dreiar seg om fleire omstende i dette tilhøve; reell forureining, fare for forureining i framtida, visuell forureining og forsøpling.

Det er registrert ulovleg lagring av fleire gamle bilvrak, bildekk, plastgjenstandar, oljetønner, IBC containere, ein gamal lastebil og gamle traktorar m.m på eigeiendommen din, gnr. 499, bnr. 31 og 34. Den ulovlege oppbevaringa er i strid med forureiningslova §§ 7 og 28, første ledd, Det er forureinar sitt ansvar å sørge for at tilhøva på forureiningsstaden ikkje verkar ureinande.

Grunnboka visar at det er du som er eigar av eignedomen, og kommunen rettar difor pålegget til deg.

Føresegna i forureiningslova. § 7 seier at alle har ei plikt til å unngå forureining.

Det følgjer av forureiningslova § 7 først ledd at «(I)ngen må ha, gjø̀re eller sette i verk noe som kan medføre fare for forurensing» utan at det er gjeve løyve til det. Ein kvar gjenstand i metall som blir hensatt, vil før eller sidan rusta opp, og miljøskadelege stoffer vil bli tilført grunnen. Oppbevaringa av gjenstandane er nok til at dei er rein miljøforureining i dag og vil vera ein fare for forureining ein gong i framtida dersom dei blir liggjande lenge.

Føresegna i forureiningslova § 28 seier at alle har ei plikt til å unngå forsøpling.

Den som har brote forsøplingsforbudet i forureiningslova, plikter av eige tiltak å sørgja for opprydding, jfr. lovas § 28 siste ledd, «Den som har overtrådt forbudet i første ledd, skal sørge for nødvendig opprydding ». Alver kommune har etter forureiningslova § 37 mynde til å gje pålegg til den som har etterlatt, tømt eller oppbevart avfall i strid med § 28, om å fjerne dette avfallet.

Dersom kommunen innan **07.05.2021** ikkje har fått ei skriftleg tilbakemelding og biletedokumentasjon frå deg med opplysningar om at dei gjenstandane det er snakk om er blitt fjerna eller flytta, vil det bli innkrevd tvangsmulkt.

### **Andre opplysningar**

Pålegg om tvangsmulkt er tvangsgrunnlag for utlegg, jfr. tvangsfullbyrdelseslova § 7-2. Tvangsmulkta kan inndrivast utan opphald av Statens innkrevingsentral.

Den som unnlatar å treffe tiltak som han er pliktig til etter forureiningslova § 7, kan straffast med bøter eller fengsel i inntil 1 år, jfr. forureiningslova §§ 78 og 79.

### **Tilbakemelding**

Når rydding er utført, må eigar sende inn dokumentasjon for utført arbeid og returnere det til kommunen innan den nemnde fristen. Legg ved biletedokumentasjon som syner at området er rydda.

Dokumentasjon og bilete sendast til:

E-post [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no)

Brev Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

### **Aktuelt regelverk:**

- Plikt til å unngå forureining følgjer av forureiningslova § 7
- Plikt til å unngå forsøpling følgjer av forureiningslova § 28
- Pålegg om opprydding eller dekning av kostnader til andre ved opprydding følgjer av forureiningslova § 37 1.ledd.
- Ilegging av tvangsmulkt følgjer av forureiningslova § 73
- Straffeansvar for forureining eller forsøpling framgår av forureiningslova §§ 78 og 79.

Dersom du har spørsmål til saka, kan du ta kontakt med sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på epost.

Pålegg om tvangsmulkt er tvangsgrunnlag for utlegg, jf. tvangsfullbyrdelseslova § 7-2. Tvangsmulkta kan inndrivast utan opphald av Statens innkrevingsentral.

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er **3 veker**, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/13439

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Siril Therese Sylta  
Avdelingsleiar

Astrid Riise  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Nordhordland Lensmannskontor	Postboks 33	5902	ISDALSTØ
------------------------------	-------------	------	----------

**Mottakarar:**

Konrad Hjalmar Kartveit	Postboks 39	5931	MANGER
-------------------------	-------------	------	--------